



FM, HFK, Formannskapet

FYLKESMANNEN I HORDALAND	
SAKSNR. 07/89-11	CBH EKT
ARKIVNR: 421.3	LOPP:
TO: <input type="checkbox"/>	DATE: <input type="checkbox"/>
TID: <input type="checkbox"/>	

Kopi: JNE

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 06/127-93 Saksh: Gunnar Elnan Arkivkode Dato:
Journalpostid: 08/4777 Telefon: 53 67 35 08 KI-143 25.08.2008

Referat/oppsummering frå synfaring gjennomført 20. og 21. august

Formannskapet, administrasjon i Eidfjord kommune v/ rådmann, kartansvarleg og plansjef, ordførar, repr. for Fylkesmannen i Hordaland (FM) og repr. for Hordaland Fylkeskommune (HFK) var på synfaring til Vivali, Berastøldalen, Hadle, Hjelmosete, Sysendalen og Isdalen. Bakgrunn for synfaringa var motsegn til forslag til kommuneplan. Tema for synfaringa var;

1. hytter/stølshus i stølssameige i LNF-område
2. utviding og tilrettelegging av alpinanlegget på Maurset.

FM presiserte at motsegn til pkt 1 står ved lag og at denne ikkje kan opphevast gjennom synfaringa. Ser det som viktig at kommunen kan dokumentera behovet som er sett opp for det enkelte område med utgangspunkt i intensjonane med punktet. Kommunen bør og avklara korleis stølsrettar med fleire eigarar og eigarar som har fleire stølspartar skal handterast.

HFK ser at på fleire av stølsområda er det stølsmurar som er i god stand og kan vera grunnlag for restaurering for å ivareta det opphavlege stølsmiljøet framfor å byggje trehytter. Det vart og peikt på moglegheiter av å nytta steinbuer som felles uthus for å redusera talet bygningar. HFK meiner føresegnene må tilpassast dei enkelte stølsområda, det var spesielt fokus på storleiken til hytter.

Generelt vart det peikt på at områda avsett i kommuneplan til hytter/stølshus i stølssameige i LNF-område er for store og gjev lite pressis plassering. FM og HFK meiner dette kan løysast med temakart for dei enkelte stølsområde det kan byggjast hytte. HFK ynskjer eit utkast til kart for uformelt å avklara avgrensing mot kulturminne.

Alpinanlegget på Maurset vart sett på frå Storlia. Det var frå kommunen si side argumentert med at;


- området er lite i bruk frå villreinen si side,
- det er lite tilgjengelege vinterbeiteressursar i området,
- det er tilrettelagt med skiløyper og ferdsle i området frå tidlegare,
- alternative område er meir følsame for villreinen – området er perifert,



- bete å samla inngrep i område som ikkje har avgjerande betyding for villreinen enn å spreia inngrepa,
- utviding av alpinbakken inneber stolheis opp til Grytehoggi med ein endestasjon, og etablering av ny nedfartsløype vest for eksisterande trase utan større terrenginngrep.

FM tek med seg denne argumentasjonen tilbake.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Gunnar Elnan
leiar areal- og miljø

Kopi til:
Katrine Myklatun
Stig Stark-Johansen

Kopi til arkiv og kopibok